

# Kva kan mammografiscreening innebere?

Når vi inviterer til mammografiscreening, er prinsippet at vi må undersøke mange friske personar for å finne brystkreft hos nokre få, slik at nokre av desse skal unngå å dø av sjukdomen.

Samstundes veit vi at mammografiscreening kan medføre ulemper, som risiko for overdiagnostikk\*.

Det er opp til den einkilde å velje om ein vil nytte tilbodet. På dette arket finn du informasjon som kan hjelpe deg å finne ut av kva du ynskjer.

Utdjupande informasjon og statistikk, samt informasjon om diskusjonen rundt verdien av mammografiscreening, finn du på nettsidene våre


[www.kreftregisteret.no/mammografi](http://www.kreftregisteret.no/mammografi)

Ynskjer du å snakke med fagpersonar om mammografi-screening, rår vi deg til å snakke med fastlegen din.

## Når 1000 kvinner vert undersøkte



970 kvinner får beskjed om at det ikkje er teikn til brystkreft



### \* Overdiagnostikk

Ved mammografiscreening kan det oppdagast sakteveksande kreftsvulstar som aldri ville blitt store nok til å gje symptom eller bli til fare for liv og helse.

For kvinna betyr det at ho aldri ville ha merka sjukdomen utan mammografiscreening. Ho kan dermed få ei kreftdiagnose og bli behandla for brystkreft utan eigentleg å trenge det.

## Moment å vurdere

Den viktigaste nytten ved mammografi-screening er at det fører til **færre dødsfall av brystkreft** blant kvinner i målgruppa.

Når det vert oppdaga brystkreft som er liten og ikkje har spreidd seg, aukar også sjansene for å kunne **behalde brystet etter operasjon**.

Når mammografibileta vert vurderte, kan det vera **vanskeleg å skilje** mellom godarta og vondarta forandringar. **Innkalling til tilleggsundersøking** er da nødvendig. For dei fleste viser det seg at forandringane er ufarlege. Dette vert da omtala som ei falsk positiv mammografiundersøking.

Mammografiscreening vil innebere ein **risiko for overdiagnostikk\***. I dag er det ikkje mogleg å skilje ut kva for krefttilfelle som er overdiagnostiserte, og derfor får alle med påvist brystkreft tilbod om behandling.

I mammografi vert det nytta **røntgenstrålar**, dette kan i teorien gje risiko for utvikling av brystkreft. **Risikoen er svært låg**, også ved regelmessig deltaking i screeningprogrammet.

I samband med mammografiundersøkinga kan ein oppleve **otte og uro**, både i tida fram til svaret kjem og ved innkalling til tilleggsundersøking.

Mammografi finn ikkje alle tilfelle av brystkreft. Brystkreft kan òg oppdagast mellom to undersøkingar. **Oppsøk derfor alltid lege om du oppdagar ein kul eller forandringar i brystet**, sjølv om du nyleg har vore til mammografi.

Dette vert kalla overdiagnostikk, og må ikkje forvekslast med feil diagnose.

Det er ikkje mogleg å seie kven som vert overdiagnostisert, sidan det ikkje finst metodar for å skilje mellom dei brystkrefttilfella som treng behandling og dei såkalla snille brystkrefttilfella som kanskje ikkje treng det.

# Korleis er mammografiscreeninga lagt opp?

Her kan du lese om kvifor du har fått invitasjon til Mammografiprogrammet, samt praktiske forhold rundt sjølve undersøkinga.

## Kvifor får du invitasjon?

Brystkreft er den kreftforma som rammar flest kvinner i Noreg.

I løpet av livet kjem ei av ni kvinner til å få påvist brystkreft eller forstadier til brystkreft.

Mammografi er ei røntgenundersøking av brysta som kan oppdage brystkreft før sjukdomen gjev symptom som følbare kul.

I Noreg vert alle kvinner i alderen 50 til 69 år inviterte til mammografiscreening kvart anna år.

Formålet er at færre i målgruppa skal døye av brystkreft. Effekten er best dokumentert for denne aldersgruppa.

## Kva hender under mammografiundersøkinga?

Heile besøket tek 10–20 minutt.

Først vil ein radiograf stille deg nokre spørsmål og sjå etter forandringar på brysta. Denne informasjonen vert brukt når røntgenlegane vurderer bileta.

Det vert lagt press på brysta i nokre sekund medan bileta vert tekne. Nokre kvinner synest det er ubehageleg, men dette vert gjort for å få best mogleg kvalitet på bileta.

## Kva skjer etter undersøkinga?

To røntgenlegar vurderer bileta, uavhengig av kvarandre.

Du får skriftleg beskjed, uansett kva resultatet er. Vanlegvis tek dette 2–4 veker.

## Det kan bli behov for tilleggsundersøking

Nokre vert innkalla til tilleggsundersøking ved brystdiagnostisk senter. Dette er noko meir vanleg for kvinner som kjem for fyrste gong, og for kvinner med brystprotese.

For dei fleste inneber tilleggsundersøkinga tilleggsbilete og/eller ultralyd. I nokre tilfelle er det også nødvendig å ta prøve frå brystet (biopsi).

Innkalling til tilleggsundersøking treng ikkje å bety at du har brystkreft.

### Er du tidlegare operert for brystkreft?

Dersom du framleis går til kontrollar, skal du følgje desse. Nokre av kontrollane kan utførast i Mammografiprogrammet dersom dette er avtalt med legen din.

Når kontrolltida er avslutta (inntil ti år), kan ein følgje vanleg opplegg i Mammografiprogrammet. Ring oss gjerne for å gje beskjed!


### Har du mistanke om arveleg brystkreft i familien?

Du kan få rettleiing ved medisinsk-genetisk avdeling for helseregionen din. Rådfør deg med fastlegen din!



For information  
**in English**,  
please see

[www.kreftregisteret.no/en/mammography](http://www.kreftregisteret.no/en/mammography)



På nettsidene våre kan du finne meir informasjon om Mammografiprogrammet, samt om brystkreft, risikofaktorar og utvikling av sjukdomen.

[www.kreftregisteret.no/mammografi](http://www.kreftregisteret.no/mammografi)